**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**
**nr. 40/2009**

**av 17. mars 2009**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr.19/2008 av 1. februar 2008([1]).

2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsrekommandasjon 2008/C111/01 av 23. april 2008 om fastsetjing av den europeiske ramma for kvalifikasjonar for livslang læring([2]) –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 4 i avtala etter nr. 7 skal nytt nr. 8 lyde:

"8. Avtalepartene skal søke å styrke samarbeidet innenfor rammen av følgende fellesskapsrettsakter:

– **32008 H 0506(01)**: Europaparlaments- og rådsrekommandasjon 2008/C111/01 av 23. april 2008 om fastsetjing av den europeiske ramma for kvalifikasjonar for livslang læring (EUT C 111 av 6.5.2008, s. 1)."

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala([*]).

([1]) TEU L 257 av 25.9.2008, s. 19, og EØS-tillegget til TEU nr. 58 av 25.9.2008, s. 1.
([2]) TEU C 111 av 6.5.2008, s. 1.
([*]) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 17. mars 2009.

For EØS-komiteen

***Alan Seatter***

Formann